

Innkalling

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Stranda rådhus, møterom Øyna
Dato	06.09.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 14/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 15/22 Orienteringar
- OS 01/22 Revisjonsrapport årsoppgjeret 2021
- PS 16/22 Meldingar
- MS 04/22 Status/oppdatering av forvaltningsrevisjon grunnskuleopplæring
- PS 17/22 Rapportering om forenkla etterlevelseskontroll 2021
- PS 18/22 Budsjetttilråding 2023 frå Stranda kontrollutval

Ålesund, 30.08.2022

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/22	Stranda kontrollutval	06.09.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Stranda kontrollutval - 05.05.2022

Møteprotokoll

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Stranda rådhus, formannskapssalen
Dato	05.05.2022
Tidspunkt	kl 16:00 - 17:05

Følgjande medlemmer møtte

Anne Melgaard Tårn
Eva Rinde Habostad
Helge Kvame
Per Ingebrigt Karbø
Vebjørn Skog

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte oppdragansvarleg revisor Kathrin Haram. Frå kontrollutvalsekretariatet møtte Bjørn Tømmerdal. Frå kommuneadministrasjonen møtte kommunalsjef Jane Solheimsnes.
Ordførar Jan Ove Tryggestad deltok på heile møtet.

Under handsaminga av sak 13/22 vedrørande Stranda Eigedomsselskap AS og mogleg habilitet deltok dagleg leiar Ivar Jan Langlo.

På slutten av møtet tok Vebjørn Skog opp spørsmålet om lokalisering av oppdrettsanlegg under Skafjellet. Kontrollutvalet diskuterte saka og ordføraren svarte på spørsmål knytt til kommunen si rolle og handsaminga knytt til høyrings-saka.
Saka er under handsaming i direktoratet og kontrollutvalet valde å avvente resultatet av denne handsaminga.

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 10/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 11/22 Meldingar
- MS 03/22 Referat frå oppstartsmøte forvaltningsrevisjon
- PS 12/22 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda kommune
- PS 13/22 Oppfølging av henvending vedrørende Stranda Eigedomsselskap AS

PS 10/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Stranda kontrollutval 05.05.2022

Behandling

Votering: Samrøystes.

STKU - 10/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 11/22 Meldingar

MS 03/22 Referat frå oppstartsmøte forvaltningsrevisjon

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Stranda kontrollutval 05.05.2022

Behandling

Votering: Samrøystes.

STKU - 03/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 12/22 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda kommune

Tilråding til vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktiviteter retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2021 for Stranda kommune.

Stranda kontrollutval 05.05.2022

Behandling

Votering: Samrøystes.

STKU - 12/22 vedtak

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktiviteter retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2021 for Stranda kommune.

PS 13/22 Oppfølging av henvending vedrørende Stranda Eigedomsselskap AS

Tilråding til vedtak:

Saka leggest fram uten tilråding til vedtak.

Kontrollutvalet må med bakgrunn i den informasjonen som kjem fram i møte vurdere om ein ønskjer å gå vidare med saka.

Stranda kontrollutval 05.05.2022

Behandling

Nytt forslag, foreslått av Helge Kvame, Stranda kontrollutval er kjent med det arbeidet som er gjort mellom eigedomsselskapet og administrasjonen i kommunen knytt til påstandar om habilitet frå Ouse & Emdal Bygg AS. Kontrollutvalet sin leiar vil gjere kommunestyret merksam på dette når møteprotokollen til kontrollutvalet blir handsama i kommunestyret.

Votering: Samrøystes.

STKU - 13/22 vedtak

Stranda kontrollutval er kjent med det arbeidet som er gjort mellom eigerselskapet og administrasjonen i kommunen knytt til påstandar om habilitet frå Ouse & Emdal Bygg AS. Kontrollutvalet sin leiar vil gjere kommunestyret merksam på dette når møteprotokollen til kontrollutvalet blir handsama i kommunestyret.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 15/22	Stranda kontrollutval	06.09.2022

Orienteringar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Underliggende saker

01/22 Revisjonsrapport årsoppgjeret 2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/22	Stranda kontrollutval	06.09.2022

Revisjonsrapport årsoppgjeret 2021

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa om årsoppgjeret 2021 til vitande.

Bakgrunn:

Revisjonen har avslutta revisjonen sin av årsrekneskapen til Stranda kommune for regnskapsåret 2021. Revisjonen har gjeven revisjonsberetning datert 19. april 2022 utan atterhald.

Revisjonen har gjennom revisjonsarbeidet sitt likevel observert betringsforhold, men som ikkje gir grunn til å ta atterhald i revisjonsberetninga. Revisjonen vil i møtet 6. september 2022 orientera om utført revisjonsarbeid og summera opp betringspunkt og merknader.

Vedlegg

Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Stranda kommune



Rapport etter årsoppgjør 2021

STRANDA KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 06.09.22

ORIENTERING TIL ADMINISTRASJON 24.08.22

Innledning

- ▶ Revisjonen av Stranda kommunes årsoppgjør for 2021 ble avsluttet 19. april 2022, og revisjonsmelding ble utstedt samme dato.
- ▶ Uavhengig revisors beretning for 2021 er en «normalberetning», som innebærer at revisjonen ikke har avdekket og påvist vesentlige feil og mangler i kommunens rapportering.
- ▶ Selv om vi i 2021 avgir en normalberetning, er det enkelte forhold vi anser som forbedringsområder for kommunen.

Identifiserte risikoer 2020

- ▶ Selvkost (beregning av indirekte kostnader)
- ▶ Kvalitetssikring av årsregnskap og årsmelding
- ▶ Finansreglement
- ▶ Økonomi (lite handlingsrom gir økt risiko for feil)
- ▶ IT sikkerhet
- ▶ Budsjettavvik
- ▶ Skille mellom drift og investering (generell risiko)
- ▶ Kontrollmiljø momskompensasjon (generell risiko)

Oppsummering etter årsoppgjøret

Områder	Anbefalinger og funn
Regnskapsrapportering	<ul style="list-style-type: none"> • Økonomireglement og finansreglement med tilhørende rutiner bør ferdigstilles. • Vi anbefaler at det utarbeides rutiner som sikrer at alle som slutter får deaktivert sin AD bruker. • Kvalitetssikre kommunens regnskap, før det utarbeides eget konsolidert regnskap. • Notene og årsmeldingen bør kvalitetssikres. Kontrollere at tallene henger sammen med det som er ført i regnskapet. • Budsjettavvik i årsmeldingen: Her er det viktig å beskrive årsaken til budsjettavvikene. På enkelte områder er det godt beskrevet, men noe tynt på andre områder. Vi anbefaler at det legges ved ei forklaring på større budsjettavvik ved overlevering til revisjonen. • Kontrollere at alle avstemminger ligger i avstemmingsmappen og er arkivert under riktig delmappe.
Salgsområdet	<ul style="list-style-type: none"> • Vi anbefaler at det gjøres en avstemming og analyse av leieinntekter og brukerbetaling for å sikre fullstendig bokføring av alle inntekter. Det er ønskelig med forklaring på avvik både i forhold til budsjett og i forhold til fjorårstall. • Revisjonen ønsker å få oversendt avstemming av momskomp senest 10 dager før fristen for innsendelse.
Innkjøp / kostnadsområdet	<ul style="list-style-type: none"> • Skille drift investeringer: vi viser til kommunikasjon med administrasjonen. Varige driftsmidler omfatter ikke anskaffelser med lav anskaffelseskost og kort levetid. Edb utstyr, trygghetsalarmer og asfaltering er eksempler på kostnader som normalt skal føres over drift uten lånefinansiering. Unntak skal begrunnes. • Vi minner om at alle vesentlige balanseposter skal dokumenteres pr.31.12. Dette gjelder også periodiseringsposter.

Oppsummering etter årsoppgjøret

Områder	Anbefalinger og funn
Driftsmiddel / investeringsområdet	<ul style="list-style-type: none">• Skille drift/investering, se ovenfor under innkjøp. Det skal alltid foretas en vurdering av det som registreres som investering ut fra kriterier om varighet og vesentlighet.
Lønnsområdet	<ul style="list-style-type: none">• Oppgave RF 1022 «Lønns- og pensjonskostnaden» bør leveres signert.
Overføringsområdet	<ul style="list-style-type: none">• Rutiner og dokumentasjon av attestasjoner kan forbedres. Administrasjonen har mottatt forslag fra revisjonen som innbefatter ansvaret til prosjektansvarlig, prosjektregistrering, prosjektregnskap og oppfølging.
Finansområdet	<ul style="list-style-type: none">• Det er et avvik på utlån kr 75 806 som er en gammel post som mangler bilag. Oppfølging/avklaring nødvendig, men uvesentlig for kommunens regnskap som helhet.• Revisjonen anbefaler en gjennomgang og avstemming av bundne fond. Det er ønskelig å få en oversikt med kommentarer/ frister.

Oppsummering etter årsoppgjøret – Stranda Hamnevesen KF

Områder	Anbefalinger og funn
Regnskapsrapportering	<ul style="list-style-type: none">• Bør kontrollere at tall i noter henger sammen med det som er ført i regnskapet.• Oversendt årsmelding til revisjon skal være signert.
Salgsområdet	<ul style="list-style-type: none">• Feilklassifisering av merverdiavgift og interimskonto periodisering. Ble korrigert i endelig regnskap 2021.
Innkjøp / kostnadsområdet	<ul style="list-style-type: none">• Ingen.
Driftsmiddel / investeringsområdet	<ul style="list-style-type: none">• Ingen
Lønnsområdet	<ul style="list-style-type: none">• Oppgave RF 1022 «Lønns- og pensjonskostnaden» bør leveres signert av daglig leder.
Finansområdet	<ul style="list-style-type: none">• Ingen

Listeførte feil i 2021

Kommentar	Korrigerede feil (NOK)	Ikke-korrigerede feil (NOK)
Ingen listeførte feil for 2021		

Revisjonstilnærming - Regnskapsrapportering

Regnskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt regnskap
- Årsoppgjørdisponering/avslutning og strykninger
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Test av kontroller(kommunens interne kontroll)

- Test av ledelseskontroller: Tertialrapportering er foretatt.
- Generelle IT-kontroller viser at det var noen tilfeller hvor ansatte hadde sluttet, men tilgang i økonomisystemet ikke var slettet. Det er imidlertid foretatt gjennomgang som bekrefter at ingen av disse hadde vært inne i systemet etter sluttdato. Kommunen bør her se på rutiner som sikrer at tilganger blir slettet ved avviking av ansettelsesforhold.

Substanshandlinger (Kontroll av fakta mot dokumentasjon)

- Kontroll av årsoppgjørdisposisjoner gjennomført
- Kontroll om regnskapsoversiktene henger sammen
- Avsluttende analytiske kontroller uten merknader.
- Det ble gjort endringer i årsregnskap, noter og årsmelding før endelig avleggelse av årsregnskapet. Etter nødvendige korreksjoner ble årsoppgjøret gjennomgått uten vesentlige avvik eller mangler. Alle årsoppgjørsdokumenter bør kvalitetssikres før oversendelse til revisjon.
- Noen forbedringspunkt vedrørende rapportering av budsjettavvik i årsmeldingen.
- Kontrollere at alle avstemminger ligger i avstemmingsmappen og er arkivert under riktig delmappe.
- Økonomi- og finansreglement med tilhørende rutiner ikke ferdigstilt.

Revisjonstilnærming - Salgsområdet

Salgsområdet

Angrepvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

- Salgs- og leieinntekter (drift)
- Selvkostområdet
- Kundefordringer (bal)
- Andre kortsiktige fordringer (bal)
- Ordinær merverdiavgift

Substanshandlinger:

- Salgsområdet er delvis revidert ved analyse mot budsjett og tidligere år.
- Revisjonen anbefaler kommunen å foreta avstemming og analyse av leieinntekter og brukerbetalinger for å sikre fullstendig bokføring.
- Vi har ikke funnet at salgsinntekter er feilperiodisert.
- Kundefordringene stemmer mot reskontro. Det er også foretatt kontroll av forfalte fordringer.
- Terminoppgaver for ordinær mva avstemt av økonomiavdelingen. Ingen merknader.

Revisjonstilnærming – Innkjøp/kostnadsområdet

Innkjøps- / kostnadsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Kjøp av varer og tjenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Annen kortsiktig gjeld (bal)

Substanshandlinger:

- Skille drift investeringer: vi viser til kommunikasjon med administrasjonen, Kommunelov §14-15 samt KRS 2 og 4. Varige driftsmidler omfatter ikke anskaffelser med lav anskaffelseskost og kort levetid. GKRS trekker frem edb utstyr og trygghetsalarmer som eksempler på kostnader normalt skal føres over drift. Asfaltering er normalt vedlikehold av veidekke og skal føres over drift uten lånefinansiering, unntak er første gang asfaltering.
- Innkjøpsområdet er delvis revidert ved analyse mot budsjett og fjoråret. Ingen merknader
- Løpende kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon momskompensasjon. Ikke avdekket vesentlige avvik.
- Periodisering årsoppgjør. Vesentlige poster skal dokumenteres, ellers Ingen merknader.
- Leverandørgjelden stemmer mot reskontro. Betalingskontroll av vesentlige gjeldsposter. Ingen merknader.
- Kontrollert dokumentasjon for avsetning av annen kortsiktig gjeld. Ingen merknader.

Revisjonstilnærming – driftsmidler/ investeringer

Driftsmidler / investeringer

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Investeringer i varige driftsmidler (inv)
- Salg av varige driftsmidler (inv)
- Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift)
- Bruk av lån/lovlig finansiering (inv)
- Skille mellom drift og investering

Substanshandlinger

- Oppfølging av de største investeringsprosjektene – tertialrapportering og årsoppgjør. Basert på denne gjennomgangen har vi ikke avdekket vesentlige feil eller mangler for 2021
- Det skal alltid foretas en vurdering av det som registreres som investering. Dersom poster som normalt er å anse som driftsutgift føres som investering, må det vedlegges en begrunnelse, se ovenfor under innkjøp
- Bokført verdi av anleggsmidler er kontrollert, og er i samsvar med driftsmiddelregisteret.
- Bilagskontroll, herunder attestasjon og anvisning dekkes i stor grad ved kontroll av terminvise oppgaver for merverdiavgifts-kompensasjon.
- Avslutning av investeringsregnskapet er gjennomført i samsvar med lov og forskrift.

Revisjonstilnærming - lønnsområdet

Lønnsområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knyttet til:

- Lønnskostnader
- Sosiale kostnader
- Pensjon

Substanshandlinger:

- Lønnsutgiftene er analysert mot budsjett og fjoråret.
- Kontrolloppstillingen viser ingen avvik av betydning og kan signeres av oss. Ønskelig å få signert kontrolloppstilling ved oversendelse av årsoppgjøret.
- Krav sykepenger viser ingen avvik mellom lønssystem og regnskapssystem.
- Gjennomgang av avstemminger på lønnsområdet, herunder arbeidsgiveravgift, skattetrekk og feriepenger. Ingen merknader.
- Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhørende balanseposter. Ingen merknader.

Revisjonstilnærming - overføringsområdet

Overføringsområdet

Angrepvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knyttet til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskudd (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eiendomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift)
- Overføring og tilskudd fra andre (drift)
- Tilskudd fra andre (inv)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskudd til andre (drift)
- Tilskudd til andres investeringer (inv)

Substanshandlinger:

- Rammetilskudd og inntekts- og formuesskatt er avstemt mot oversikter fra staten uten å finne avvik.
- Vi har foretatt analytiske kontroll av eiendomsskatt. Ingen merknader.
- Analyse/detaljtester av andre overføringsinntekter/-utgifter viser ingen feil av betydning.
- Vi har ikke funnet at overføringsinntekter/-utgifter er vesentlig feilperiodisert.
- Særattestasjoner på enkelte tilskudd gjennomført, se egen liste. Forslag til forbedring av rutiner rundt særattestasjoner. (Egen gjennomgang med administrasjonen).

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)
- Investering i aksjer og andeler (inv)
- Salg av finansielle anleggsmidler (inv)
- Utlån av egne midler (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling fra selskaper (inv)

Substanshandlinger:

- Finans- inntekter og utgifter er gjennomgått og kontrollert mot eksterne oppgaver mv. (bank, rente, aksjer, utbytte etc). Ingen merknader.
- Vi har kontrollert beregning av minste avdrag for lån, og påsett at det er tilstrekkelig utgiftsført avdrag i samsvar med kommunelovens §14-18.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko balanseposter:

- Bankinnskudd og kontanter
- Aksjer og andeler
- Andre finansielle plasseringer
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjoner
- Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidler

Substanshandlinger:

- Kontrollert at gjeld og utlån er i samsvar med ekstern dokumentasjon.
- Etterberegning av minimumsavdrag. Ingen merknader.
- Påsett at avstemminger av kretsløp henger sammen (herunder kapitalkonto).
- Gjennomgang av vesentlige poster på fondskontoer. Revisjonen anbefaler en gjennomgang og avstemming av bundne fond. Det er ønskelig å få en oversikt med kommentarer/ frister.

Særattestasjoner og undersøkelser gjennomført i 2021

16

- Meirverdiavgifts-kompensasjonsoppgåver - 6 terminer
- Forenkla etterlevingskontroll – finans
- Styrking av skolehelsetjenesta (19.04.21)
- Refusjon av utgifter til PP – tjenesta (01.06.21)
- Tilskudd til foreldrestøttende tiltak (30.06.22)
- Tilskudd til eldre ut på middag (10.08.22)
- Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder (10.12.21 og 30.06.22).

Avslutning

Vi har gjennom årsoppgjøret hatt god dialog med administrasjonen. Vi opplever at det er fokus på utvikling av rutiner for å bidra til god økonomistyring og rapportering.

Vi håper at tema som omtales i revisjonsrapporten oppfattes som konstruktive innspill i forhold til kommunens daglige arbeid med forbedring av interne kontrollrutiner, regnskapsførsel og dokumentasjon av regnskapsinformasjon.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 16/22	Stranda kontrollutval	06.09.2022

Meldingar

Underliggende saker

04/22 Status/oppdatering av forvaltningsrevisjon grunnskuleopplæring

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 04/22	Stranda kontrollutval	06.09.2022

Status/oppdatering av forvaltningsrevisjon grunnskuleopplæring

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Etter at prosjektet er bestilt, og fram til levering av ferdig rapport, er det viktig at kontrollutvalet held seg informert om status for prosjektet. Standard for forvaltningsrevisjon stiller ikkje nokon konkrete krav til form og inn hald i ei slik rapportering, utover at det bør vere ein god kommunikasjon mellom revisor og bestillar.

Sekretariatet har motteke vedlagte epost frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Vedlegg

Status per august forvaltningsrevisjon 2022 Stranda

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til

Kontrollutvalet i Stranda

Notat om status forvaltningsrevisjon

Prosjekt om «Kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa» vart bestilt i KU-møte 29.03.22.

Det vart gjennomført oppstartsmøte med rådmann og kommunalsjef oppvekst 19.04.22. Utførande revisor har etter dette hatt intervju på skulane med rektor Ringstad skule, Rektor Geiranger bh og skule og rektor ved Sunnylvn skule. I tillegg er kommunalsjef oppvekst intervjuet.

Det er henta inn ein del dokumentasjon som tilstandsrapportar dei siste åra, elevundersøkinga, struktur Compilo, retningsliner tverrfagleg samarbeid, GSI-statistikk og skuleeigar sitt forsvarlege system.

Utførande revisor Anne Kristin Bryne slutta i stillinga 9.august. Ingrid Walstad Larsen kom tilbake frå permisjon 8.august og har tatt over arbeidet på denne rapporten. Ho er no i ferd med å hente inn undervegsvurderingar frå 2. og 4. trinn som ho skal gå gjennom.

Tidsplanen er at høyring skulle vere gjennomført og endeleg rapport ferdig 10.oktober. Skifte av revisor har medverka til at vi ser at dette kan bli knapt. Men dersom arbeidet som står att går etter planen, tek vi framleis sikte på å få levert rapport slik at KU-sekretariatet får tid til sakshandsaming, før kontrollutvalsmøtet i november. Vi vil halde kontakt med KU-sekretariatet om framdrift.

Venleg helsing

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kurt Anders Løvoll

Nestleiar/oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 17/22	Stranda kontrollutval	06.09.2022

Rapportering om forenkla etterlevelseskontroll 2021

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tek rapporteringa om forenkla etterlevelseskontroll innan gjelds- og finansforvaltning til vitande.

Bakgrunn:

Formålet med ein forenkla etterlevingskontroll er at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme skal gjennomføre ein kontroll som skal kunne førebygge feil og bidra til å sikre at kommunen følgjer sentrale føresegner og vedtak på økonomiområdet. Dette bygger opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis.

Kontrollen gjev kontrollutvalet hjelp til å kunne ta sitt ansvar etter kommunelova § 23-2. Målsetjinga med den forenkla etterlevingskontrollen er å førebygge og avdekke feil som ikkje naturleg vert kontrollert under årsrekneskapsrevisjonen, samt å avdekke vesentlege svakheiter i sentrale delar av økonomiforvaltninga. Kontrollhandlingane kan mellom anna gjerast på område der brot har særlege økonomiske konsekvensar eller i særleg grad svekker tilliten til økonomiforvaltninga.

Revisor utfører forenklet etterlevelseskontroll med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelova og revisjonsstandarder. Moderat sikkerheit vert definert slik: klart lågare enn tryggande sikkerheit, men skal auke dei tiltenkte brukarane sin tillit til informasjonen i ei grad som er klart høgare enn ubetydeleg.

Områder for forenkla etterlevingskontroll kan være finansforvaltning, sjølvkostområda,

offentlege innkjøp og offentlig støtte. Andre områder som berekning av driftstilskot til private barnehagar, andre tilskot/overføringar til private, konsesjonsvilkår, kontraktsoppfølging kan og vere aktuelt, lista er ikkje uttømmende.

Det vil være ei konkret risiko- og vesentlegheitsvurdering (ROV) for den enkelte kommune som er avgjerande for kva områder som vert valt ut for kontroll.

Vurdering:

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram vil i kontrollutvalet sitt møte 6. september 2022 gå gjennom kriteria, kontrollpunkt og funn. Rapporten og hennar presentasjon ligg ved her som vedlegg.

Revisor er pliktig til å ta opp vesentlege forhold i eit nummerert brev til kontrollutvalet. Kontrollutvalet bør merke seg revisor sin merknad i det nummererte brevet og sikre seg at berekninga vert dokumentert.

Kontrollutvalet bør merke seg dei svakheitane som er nemnt frå revisor. Dette er også omtala i attestasjonuttalelsen på side 2, koklusjon. Her blir både manglande oppdatering i høve nytt lovverk og fastrente delen på gjeldsportefølja nemd spesifikt. I møtet 6. september ber vi rådmann om å stadfeste kva tiltak som vert sett i verk knytt til desse høva.

Om kontrollutvalet likevel finn det naudsynt å informere kommunestyret om desse høva kan utvalet be om å få ei eiga sak på dette til neste møte.

Vedlegg

Revisor sin presentasjon av rapport frå forenkla etterlevingskontroll Stranda Kommune
Uttale frå revisor om forenkla etterlevingskontroll gjeld- og forvaltningsområdet 2021 - Stranda kommune



Forenklet etterlevelseskontroll for området gjelds- og finansforvaltning

STRANDA KOMMUNE

ORIENTERING I KONTROLLUTVALGET 6. SEPTEMBER 2022

Konkret vurdering

Utvalgte kriterium for kontroll:

- ▶ Etterlever kommunen de etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning.

Kilde for kriterium:

- ▶ Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- ▶ Kommunens skriftlige rutiner og retningslinjer på området.

Finansreglement og rutiner

- ▶ Finansreglement vedtatt 14.02.18 som var gjeldende for 2021
- ▶ Rutiner utarbeid i forbindelse med finansreglementet er ikke kvalitetssikret av uavhengig instans.

- ▶ Ny kommunelov gjeldende fra 01.01.2020
- ▶ Ny finansforskrift for kommuner og fylkeskommuner gjeldende fra 01.01.2020
 - ▶ Finansreglement og rutiner må oppdateres slik at de er i tråd med ny kommunelov og ny finansforskrift

Gjelds- og finansforvaltning

- ▶ Forvaltninga skal legges opp som følgende:
 - ▶ Lån med hovedstolsforfall innen et særskilt år: maks 30 % av samlet portefølje
 - ▶ Gjennomsnittlig gjenværende rentebinding: mellom 1 og 5 år
 - ▶ Gjeldsporteføljen: skal ha en fastrentedel på minimum 20 % og maksimum 50 %
 - ▶ Gjeldsporteføljen som har fast rente: bør fordeles i segmentet 1 – 10 år på en slik måte at kommunen har så lav finansieringsrisiko som mulig
 - ▶ Et enkelt lån skal ikke utgjøre mer enn 25% av kommunen sin samla gjeldsportefølje

Rapportering av gjelds- og finansforvaltning

▶ Rapportering

- ▶ Rådmannen skal i forbindelse med tertialrapportering per 30.04. og 31.08. legge fram rapporter for kommunestyret som viser status for gjeldsforvaltning og status for forvaltning av ledig likviditet. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året legge fram en rapport som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.
- ▶ Rapportene skal etter § 7 i forskrift om finans- og gjeldsforvaltning minimum vise eller inneholde:
 - ▶ Beskrivelse og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
 - ▶ Sammensetning av aktiva og passiva
 - ▶ Markedsverdi for aktiva, samla og fordelt på de forskjellige typer aktiva
 - ▶ Verdien av passiva, samla og fordelt på de ulike typer passiva
 - ▶ Løpetid for passiva, verdien av lån som forfaller og må refinansieres innen 12 mnd
 - ▶ Beskrivelse og vurdering av vesentlige markedsendringer og endringer i finansiell risiko
 - ▶ Beskrivelse av aktuelle markedsrenter og kommunen sine egne rentevilkår
 - ▶ Beskrivelse av eventuelle avvik mellom krav i reglementet og faktisk forvaltning
 - ▶ Rapportene skal videre inneholde opplysninger om opptak av nye lån så langt i året og konvertering av eldre lån så langt i året

Oppsummering av funn

Våre funn vedrørende Stranda kommune oppsummeres slik:

- ▶ Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stranda kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene for området gjeld- og finansforvaltning.

Vi har funnet svakheter på følgende områder:

- ▶ Ihht reglementet skal gjeldsporteføljen ha en fastrentedel på minimum 20% og maks 50 %. Det er ikke tatt inn noe i reglementet om at man her skal ta høyde for lån knyttet til VAR (selvkostområde), videreutlån, ubrukte lånemidler og likviditetslån. Det bør gjøres en ny vurdering av dette punktet i nytt finansreglement der dette blir klargjort. Rådmannen har løpende i sine rapporteringer overfor kommunestyret opplyst om at de har en lavere fastrentedel enn reglementet tilsier. Pr 31.12.2021 var de innenfor (20%) uavhengig av om en tar hensyn til gjeld som er knyttet til inntektsside som er flytende.
- ▶ Reglementet og rutinene er fra 2018 og er ikke oppdatert ihht ny finansforskrift som var gjeldende fra 01.01.2020. Rutinene fra 2018 er heller ikke kvalitetssikret av uavhengig instans. Vi anbefaler derfor at det lages et nytt reglement og rutiner som er oppdatert etter nytt lovverk. Nytt finansreglement og rutiner skal attesteres av uavhengig instans. Vi er informert av administrasjonen at disse nå er under utarbeidelse.

Konklusjon/ oppsummering

Rapportering

1. Kommunen har i det alt vesentlige etterlevd de etablerte reglement og rutiner for gjelds- og finansforvaltning
2. Kommunen bør oppdatere sitt reglement og rutiner slik at disse er oppdatert i forhold til nye bestemmelser i kommuneloven/ ny finansforskrift (gjeldende fra 01.01.2020)

Normalkonklusjon i vår uttalelse:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Stranda kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene for området gjeld- og finansforvaltning.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 18/22	Stranda kontrollutval	06.09.2022

Budsjetttilråding 2023 frå Stranda kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet på kr 1 434 490

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 150 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 384 490 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 900 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

Bakgrunn:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår då utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjonen.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett skal følgje innstilling om årsbudsjett, som går frå formannskap til kommunestyre og det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått (kommunelova § 14-3 tredje ledd).

Stranda kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS). I tråd med selskapet sine vedtekter er det

representantskapet som vedtek budsjettet for dette selskapet og det vert her tatt med kun som informasjon.

Stranda kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som si revisorordning. Revisjonen som vert utført består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttalar, og omfattar revisjon av kommunerekneskapan og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå brukt tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisjonsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden.

Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Vurdering:

Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA på dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2020, 2021 og delar av 2022, samt tek utgangspunkt i dei vedtekne satsar.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påverka av kor godt kvalitetsikra årsrekneskapan er frå kommunen si side, når den vert levert i februar.

Det har årleg vore gjennomført ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll i Stranda kommune, ut frå kommunestyret sin vedtekne plan. I følgje planen skal det gjennomførast minst ei slik kontrollhandling i 2023 også.

Med bakgrunn i dette vil ein foreslå eit budsjett for 2023 på kr 900 000 for dei tenester som revisjonen utfører.

Sekretariatstenester:

Det er Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet. I tråd med Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet som vedtek eigarskapsandelen. Dette vert gjort i slutten av oktober og ein må difor her legge til grunn talet for 2022. For 2022 var esrskapsandelen for Stranda kommune på kr 384 490.

Dersom representantskapet vedtek endring i eigarskapsandelen for 2023, vil sekretariatet informere om dette etter at representantskapet har gjort sitt vedtak i oktober.

Kontrollutvalet:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv og talet møter byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om der ikkje kjem uforutsette hendingar som kontrollutvalet må handtere, så vert det planlagt fem møter i 2023. Godtgjersle knytt til kontrollutvalet er omfatta av Stranda kommune sitt reglement for folkevalgte og vert utbetalt direkte frå kommunen på lik linje med andre folkevalde organ. For 2023 med fem møter vert møtegodtgjersla stipulert til rundt 100 000 kroner.

Det er særst viktig for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Det å delta i erfaringsutveksling og kompetansebygging på samlingar med andre kontrollutval er ein viktig del av dette.

I tillegg til konferansar vil det vere særst nyttig å få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane som har fokus på fagkompetanse på kontroll og tilsynsarbeid. Det er NKRF-kontroll og revisjon og Forum for kontroll og tilsyn - FKT. Abonnement på fagbladet Kontroll & revisjon og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn er viktige kompetansesetnader. Kontrollutvalet bør i samband med budsjettsaka drøfte om slikt abonnement og medlemskap er aktuelt å nytte seg av og så ta høgde for det i budsjettforslaget. Det er lagt inn i den samla summen som her er forslått for kurs og kompetanse på kr 50 000.

På bakgrunn av dette vil vert forslaget til eit budsjett for 2023 for kontrollutvalet på kr 150 000,- og det inneheld då både møtegodtgjering og kurs/kompetanse for kontrollutvalet.

Samla budsjettforslag på kr 1 434 490 for kontrollarbeidet i Stranda kommune for 2023 har slik fordeling:

Møtegodtgjersle kontrollutval	100 000	
Kurs og opplæring	40 000	
Abonnement og medlemskap NKRF og FKT	10 000	
Kontrollutvalet		150 000
Sekretariatstenester (SKS IKS)		384 490
Rekneskapsrevisjon (inkl. attestasjoner)	600 000	
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	300 000	
Revisjonstenester (MRR SA)		900 000

Kontrollutvalet si tilråding til budsjett skal følgje uendra med kommunedirektøren si tilråding om årsbudsjett, som går frå formannskap til kommunestyre etter kommunelova § 14-3 tredje ledd. Det skal kome klart fram for kommunestyret kva kontrollutvalet har foreslått. Jf. *Forskrift om kontrollutval og revisjon, § 2 kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjettet for kontrollarbeidet.*

Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje saka om årsbudsjett 2023 på ein slik måte at forslaget frå kontrollutvalet kjem klart fram for kommunestyret. Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med kommunestyret sitt budsjettvedtak for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke årsbudsjett 2023 for Stranda kommune.